# Årsmelding 2024

## Styremedlemmer

| | |
|---|---|
| Leiar | Even Sørland |
| Nestleiar | Fauzia Hussain-Wiik |
| Sekretær | Annie Vårdal |
| Kasserar | Ole Flåm Svendsen |
| Medlemsansvarleg | Jørgen Haugland |
| 1. Styremedlem | Lillian Vangberg |
| 2. Styremedlem | Geir Iden |
| *1. Varamedlem* | *Shelaine Moldesæter Nilsen* |
| *2. Varamedlem* | *Trond Lygre* |
| *3. Varamedlem* | *Heidi Sund* |

## Møteverksemd i Åsane Arbeiderparti

**Styremøte**
Styret har hatt 8 styremøte i løpet av denne perioden, der 4 var digitale.
20. april, 17. juni, 23. juni, 25. juli, 1. august, 17. oktober, 20. oktober og 6. januar.

**Medlemsmøte**
Åsane Ap har i 2024 arrangert sju medlemsmøte. Det har vore eit godt år for demokratiske prosessar i lokallaget, med både mange møte, solid oppmøte og gode diskusjonar og innspel. Vi har hatt godt samarbeid med nabo-laga våre Arna Arbeidarpartilag og Alver Arbeidarparti, og har fått positive tilbakemeldingar på dei felles medlemsmøta vi har arrangert saman.

- **Årsmøte 29. januar:** Innleiar: Stortingsrepresentant Linda Merkesdal, om den politiske situasjonen.
  Debatt. Politiske vedtak. Val av styre for 2024.

- **Medlemsmøte 12. mars:** Felles møte med Arna Arbeidarpartilag.
  Programarbeidet mot Landsmøtet 2025; Riktig kompetanse og nok folk.
  Innleingar av Even Sørland om politiske perspektiv, og nestleiar i Arna Ap, Ann Wigdis Wilhelmsen, om erfaringar som tilsatt i helsevesenet.
  Open debatt, med utgangspunkt i diskusjonsnotat frå programkomitéen.
  Innspela frå møtet blei samanfatta og sendt inn til programarbeidet.

- **Ope medlemsmøte 24. april:** Felles møte med Alver Ap, på Hordvik musikkhus. Om E39, NTP og Nordhordlandstunnelen. Prosjektleiar Beate

Eide Riisnæs og planleggingsleiar Magna Fonden orienterte om prosjektet, status og framdrift. Spørsmål og diskusjon.

- **Sommaravslutning/medlemsmøte 26. juni:** Felles møte med Arna Arbeidarpartilag. Rune Bakervik innleia som Bergen sin representant i programkomiteen, om arbeidet med nytt partiprogram til stortingsvalet. Orientering om haustens nominasjonsprosess til Stortinget.

- **Digitalt medlemsmøte 4. august:** Prosess og lokale innspel til stortingsnominasjonen i haust.

- **Medlemsmøte 22. august:** Fylkesvaraordfører Stian Davies innleia om vegen videre for bybana. Spørsmål og innspel. Bergen sine kandidatar til stortingslista for Hordaland 2025.

- **Medlemsmøte 19. oktober:** Ny skulestruktur i Vestland fylke: Innleiing ved Espen Edvardsen, fylkestingsmedlem frå Bergen og fraksjonsleder for Ap i Hovudutval for opplæring og kompetanse. Innspel og debatt. Nytt partiprogram: Orientering om programutkast og vidare arbeid. Stortingsnominasjon: Debatt og vedtak av Åsane sine innspel til AiB si behandling av listeforslaget.

- **Medlemsmøte 25. november:** Felles møte med Arna arbeidarpartilag. Debatt og politisk verkstad for innspel til programkomiteen sitt førsteutkast til stortingsprogram, på høyring i partiorganisasjonen. Innleiing ved lagsleiar Arild Grimastad Iversen i Arna Ap som hadde gått gjennom programutkastet i lys av innspela frå det felles medlemsmøtet i mars.

## Aktivitet

2024 var eit mellomvalår, der fokus låg på nominasjon og programarbeidet til Stortinget. Det har vore god deltaking i lokale arrangement frå Åsane Ap, særleg på våre medlemsmøte. Vi har også vore synlege, med stands både før sommaren og før jul**.**

**Vårkampanjen 2024**
Heile partiet hadde felles vårkampanje frå 26. april til 19. mai, med fokus på det nye partiprogrammet. Åsane bidro med stand ved Liavatnet og morgonaksjon ved Åsane Terminal.

**Ettermiddagsaksjon Åsane Terminal**
16. desember, kl. 15.30 – 17:00, med klementinar, gløgg og peparkaker. Vi snakka om vår alternative bybudsjett som satsar på solidaritet, fellesskap og velferd, og som alltid om Åsane-saker.

**Døme på medierepresentasjon**
Åsane Ap i år som andre år vore synlege i aviser og i sosiale medium med både lokalsaker og viktige saker for samfunnet generelt.

- 🌹 Leiar Even Sørland stilte 16.02.24 på morgonsendinga til NRK Hordaland, om Åsane Aps årsmøtevedtak *«Ap må nytte den kommande programprosessen til å styrke partiet som demokratisk arena og progressiv kraft i samfunnet. Partidemokratiet vil vera avgjerande om Ap igjen skal veksa.»*

- 🌹 Even Sørland i debatt mot Monica Mæland på Politisk kvarter i 14.3.24 om samferdsle og krav om samferdsleprioriteringar frå Åsane Ap og Ap i Bergen.

- 🌹 Debattinnlegg i BA frå styremedlem Heidi Sund om øvingsforholda til korps i Bergen: https://www.ba.no/kulturbyen-bergen-blir-overkjort-av-bybanen/o/5-8-2561867

- 🌹 Debattinnlegg i BA av Heidi Sund, om meir likestilt kollektiv samferdslepolitikk.

- 🌹 Leiar Even Sørland svarer Høyre-byrådet i Åsane Tidende om framtidas Åsane: https://www.aasanetidende.no/ap-leder-mener-hoyre-ignorerer-asane-de-il-ikke-ta-tak-i-problemene-i-bydelen/s/5-155-44463

- 🌹 Nestleiar og fraksjonsleiar helse Fauzia Hussain-Wiik har hatt ei rekke oppslag om kampen for å redde Ung Arena Åsane frå byrådet sine kutt: https://www.aasanetidende.no/steiler-mot-forslag-om-nedleggelse-vi-har-ikke-rad-til-a-miste-en-eneste-ungdom/s/5-155-64440

**Døme på annan aktivitet og representasjon**
- 🌹 Markering på Torgalmenningen, arrangert av Foreldreopprøret, Barnehageopprøret, Utdanningsforbundet Bergen og Hordaland og Fagforbundet Vestland. «Nei til mer kutt og øk bemanning i BHG.» 22. sept.

- 🌹 Arrangement for arbeidaranes dag i Ytre Arna. 1. mai.

- 🌹 Regnbogedagane i Bergen 06.-08. juni: Deltakling på stand på Pride Park og i Pride paraden, under parole*: Frihet kommer ikke av seg selv.*

- 🌹 Fagleg sommarfest med LO Bergen og omland, lokale fagforeiningar og ulike parti. 21. juni.

**Døme på deltaking aktivitet i regi AiB og VAP**

- Åsane Ap har vore godt representert på representantskapsmøte i regi av Arbeiderpartiet i Bergen (AiB) og Vestland Arbeiderparti (VAP).
- Årsmøte i AiB. 18. februar
- Årsmøte i VAP. 16.-17. mars
- 1. mai-prosesjon i sentrum

## Medlemsutvikling

På landsmøtet 2023 endra Arbeiderpartiet på vedtektene, som fekk betydning for kva medlemstall ein skal rekne ut fra.

Tal på medlemmer pr. januar 2024: 154 (166 ved gammal rekning)
Tal på medlemmer pr. januar 2025: 163*
Representasjon pr. januar 2024: Partikontoret har ikkje enda sendt ut desse tala
Antall nye medlemmer i perioden: 6

*163 er talet som er registrert i medlemssystemet.

«Representasjon» er talet på betalande medlemmer som er folkeregistrert i kommunen og bydelen per 31. januar, det avgjer kor mange representantar vi får i partiet. Individuelle medlemsretter gjeld i den avdelinga medlemskapet er registrert.

## Representasjon

**Våre usendingar til andre partiorgan:**

- Årsmøtet til Vestland Arbeidarparti: 4 delegatar
- Årsmøtet til Arbeiderpartiet i Bergen: 10 delegatar
- Representantskapet til VAP: 3 plassar
- Representantskapet til Arbeiderpartiet i Bergen: 11 plassar
- Program- og nominasjonsmøtet VAP: 4 delegatar

- Kvinnekontakt til Arbeiderpartiet i Bergen: Fauzia Hussain-Wiik
- Studieutvalet til AiB: Jørgen Haugland
- Medlems- og rekrutteringsutvalget AiB: Jørgen Haugland

**Våre representantar i faste og midlertidige utval i partiet:**

- Valkomiteen i AiB: Kari Grønnestad
- Kontrollkomiteen i AiB: Heidi Sund
- Internasjonalt utval i AiB: Trond Lygre
- Skolepolitisk utval: Atle Rasmussen og Trond Lygre

# Folkevalde 2023-2027

**Bystyret**
Åsane Ap har tre faste bystyremedlemmer og ein vara for perioden 2023-2027.

- Fauzia Hussain-Wiik: Fraksjonsleiar i utval for helse og sosial.
- Even Sørland: Medlem i utval for helse og sosial (fungerande utvalsleiar for barnehage, skule og idrett til august 2024)
- Johanna Kästel Sandal Fond: Medlem i utval for barnehage, skule og idrett.
- Heidi Sund: Vara i utval for miljø og byutvikling.

**Fylkestinget**
- Lillian Vangberg: Medlem av hovudutval for samferdsel og mobilitet.

# Økonomi

Åsane Ap har fortsett ein stabil og god økonomi. Det har vore deltaking på årsmøte og representantskap VAP. Ingen større investeringar.

# Styrets oppsummering

2024 har vore enda eit godt år for laget. I år har det vore ei god mengde møteverksemd, og ein del utadretta aktivitet. Vi opplever fortsatt godt engasjement i lokallaget, og eit solid lokalt engasjement. Styret og medlemmer har vore aktive både digitalt og i media, vi har sendt ut informasjonsbrev og hatt ei fin kontakt med frivilligbasen. Samtidig er det som alltid rom for at fleire blir meir aktive.

Åsane Ap tar fortsatt aktiv del i partipolitikken i Bergen og i Vestland, med tydelege stemmer i lokalsaker, spesielt i saker knytta til lokal byutvikling og samferdsel.

***Styret: 09.01.2024***

*Even Sørland* *Fauzia Hussain-Wiik* *Jørgen Haugland*

*Ole Flåm Svendsen* *Lillian Vangberg* *Shelaine Moldesæter Nilsen*

*Geir Iden* *Trond Lygre* *Heidi Sund* *Annie Vårdal*




Ettermiddagsaksjon Åsane terminal, 16.12.24.



Felles medlemsmøte om programarbeidet mot Landsmøtet 2025. 12.03.24



22 MENINGER

BERGENSAVISEN

DEBATT

Magnus Warming showet mot Vålerenga. – Det varmet!

Piddi

# På tide med feministisk samferdselspolitikk

Har du noen gang tenkt på at samferdselspolitikken er diskriminerende? Ta snøbrøytingen som et eksempel.

INNLEGG

Heidi Sund

Ved å prioritere fotgjengere og syklister i trafikkbildet vil man spare penger.

TRADISJONELL TRAFIKKPLANLEGGING favoriserer typisk mannlige forflytningsmønstre.




Årsmøtet AiB 2024.

Debattinnlegg av Heidi Sund.